



Måndag er siste frist for innlevering av bidrag til SPAR sin pepperkakedyst og no har deltakinga verkeleg teke av. I ettermiddag var det levert inn 11 gjenstandar laga av pepperkakedeig og mykje av det nye er prega av fantasi og kreativitet. Mellom anna er det ei eksotisk kyrkje (?) med den spesielle påskrifta Deimante Saulis Arunas. kva tyder det? Og kor i verda er dette byggverket å finna?

Eit nytt innslag er også to bilar og oppsikt vekker og eit lilla stabbur som neppe har sin make på våre kantar! Ein utedo til er levert inn og det er tydeleg at gammeldassen har mange vener!

Men summa summarum er det altså fleire dagar att til fristen går ut og det all grunn til å stå på for å slå favoritten som etter vår meining framleis er Festidalen. Den installasjonen bør festivalen nytta i sin eigen marknadsføring sjølv om den går så det susar om dagen...

På bildet: To bilar og ei kyrkje (?)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen